

Innkalling

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom 1. etasje
Dato	29.11.2022
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 19/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 21/22	Meldingar
MS 10/22	Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Sula kontrollutval
PS 22/22	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - sakshandsaming i barnevernet - Sula kommune
PS 23/22	Kommunikasjons- og revisjonsplan Sula kommune 2022
PS 24/22	Plan for forenkla etterlevingskontroll 2022 Sula kommune
PS 25/22	Møteplan Sula kontrollutval 2023

Ålesund, 22.11.2022

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sula kontrollutval - 20.09.2022

Møteprotokoll

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom 1 B
Dato	20.09.2022
Tidspunkt	kl 14:00 - 16:00

Følgjande medlemmer møtte

Gunvor Reistad Aannø
Inger Øien
Olav Bjarne Skodje
Svein Olav Værnes

Forfall

Aslak Digernes

Møtande varamedlem

Møtenotat

Aslak Digernes hadde meldt forfall men ingen vara hadde høve til å møte.

Frå Sula kommune sin administrasjon møtte kommunedirektør Leon Aurdal. Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

PS 14/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 15/22	Orienteringar
OS 02/22	Orientering frå kommunedirektøren om manglande svar frå kommunen
OS 03/22	Revisor sin årsoppgjerrapport 2021
PS 16/22	Meldingar
MS 06/22	Henvending om skuleskyss
MS 07/22	Rapportering til kommunestyret - politiske vedtak 2021
MS 08/22	Vurdering av revisor sin sjølvstende
MS 09/22	Oppdatering av forvaltningsrevisjon innan barnevernet
PS 17/22	Rapportering om forenkla etterlevingskontroll 2021
PS 18/22	Budsjetttilråding 2023 frå Sula kontrollutval

PS 14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 14/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 15/22 Orienteringar

OS 02/22 Orientering frå kommunedirektøren om manglande svar frå kommunen

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

Ny tilråding til vedtak, foreslått av Olav Bjarne Skodje, Sula kontrollutval er bekymra for korleis kommunen svarar ut henvendingar frå innbyggerane. Kontrollutvalet vil minna kommunestyret på plikta som ligg i å følgja forvaltningslova og offentlighetslova slik at innbyggerane har tillit til kommunen. Det er og viktig for kommunen sin omdøme.

Ny tilråding var samrøystes.

SUKU - 02/22 vedtak

Sula kontrollutval er bekymra for korleis kommunen svarar ut henvendingar frå innbyggerane. Kontrollutvalet vil minna kommunestyret på plikta som ligg i å følgja forvaltningslova og offentlighetslova slik at innbyggerane har tillit til kommunen. Det er og viktig for kommunen sin omdøme.

OS 03/22 Revisor sin årsoppgjerrapport 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2021 til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 03/22 vedtak

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2021 til vitande.

PS 16/22 Meldingar

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 16/22 vedtak

MS 06/22 Henvending om skuleskyss

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 06/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/22 Rapportering til kommunestyret - politiske vedtak 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 07/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 08/22 Vurdering av revisor sin sjølvstende

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 08/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 09/22 Oppdatering av forvaltningsrevisjon innan barnevernet

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 09/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 17/22 Rapportering om forenkla etterlevingskontroll 2021

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek rapporteringa om forenkla etterlevelseskonsroll innan sjølvkostområdet til vitande.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 17/22 vedtak

Sula kontrollutval tek rapporteringa om forenkla etterlevelseskonsroll innan sjølvkostområdet til vitande.

PS 18/22 Budsjetttilråding 2023 frå Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 1 369 490
Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 125 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 860 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Sula kontrollutval 20.09.2022

Behandling

SUKU - 18/22 vedtak

Sula kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet på kr 1 369 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 125 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 860 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Meldingar

Underliggende saker

10/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Sula kontrollutval

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 10/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det er som kjent to organisasjonar i Norge som står for kompetansepåfyll og faginformasjon spesielt retta mot kontrollutvalet sitt kontrollarbeid i kommunane.

Det er NKRF - kontroll og revisjon i kommunene (tidlegare Norges kommunerevisorforbund) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge desse arrangerer i 2023 kvar sin konferanse retta mot kontrollutvala som målgruppe.

NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har sin Kontrollutvalskonferanse 1. og 2. februar 2023 på Gardermoen. Her er påmeldingsfristen **15. desember 2022**.

Forum for kontroll og tilsyn held sin fagkonferanse for kontrollutval 31. mai og 1. juni 2023 i Trondheim. Påmeldingsfrist ikkje sett endå.

Under finn de lenkje til der de kan finne meir informasjon om program og påmelding.

I kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeidet er det sett av midlar til kompetanse og opplæring for at kontrollutvalet sine medlemmar skal kunne delta på ein slik fagkonferanse.

De må sjølve stå for påmelding om de ynskjer å delta, og bli einige innad i utvalet kven og om de skal delta. Sekretariatet kan vidareformidle meir informasjon om konferansane etter kvart som organisasjonane har informasjonen klar.

Lenker:

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2023>

https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/fagkonferansen_2023/fagkonferansen-2023/

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - sakshandsaming i barnevernet - Sula kommune

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på barnevernstenesta i Sula.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak blir fulgt opp.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til tilrådinga sitt punkt 2 innan utgangen av første halvår 2023.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Sula kontrollutval gjorde i sitt møte 30. mars 2021 følgande vedtak:

Sula kontrollutval set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av sakshandsaming innanfor barnevernet i Sula kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Vedtaket var forankra i kommunestyret sitt vedtak i saka om Plan for forvaltningsrevisjon som var handsama i Sula kommunestyre 15. oktober 2020 (sak 095/20) i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet. I kommunestyresaka blei sakshandsaming i barnevernet gitt høgaste prioritet.

Problemstillingar i rapporten og revisor sine funn (for den fullstendige vurderinga blir det vist til rapporten)

Problemstillingane i forvaltningsrevisjonen har vært:

1. Blir barn med med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkelig måte?
2. Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket?

I rapporten sitt samandrag på side 4 skriv kommunerevisjonen følgande:

Vår konklusjon er at barneverntenesta gjer mykje bra arbeid knytt til hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern. Dei tilsette er slik vi oppfattar det opptekne av barnet sitt beste i det dei gjer, og vi har inntrykk av at dei ønskjer å forbetre rutinar, internkontroll og system. Skildringane frå dei tilsette er at dei har høgt arbeidspress, og komplekse og krevjande saker. Dei har utfordringar på kapasitet, og dette går ut over dei lovpålagte oppgåvene deira. Vi registrerer også at Sula kommune har få tilsette med fagutdanning i barneverntenesta sett i høve til andre kommunar.

Våre undersøkingar og vurderingar viser at kommunen ikkje oppfyller alle krava som er sett i denne forvaltningsrevisjonen. Sula kommune brukar etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg ressursar til kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.

Vi konkluderer med at barneverntenesta ikkje alltid utarbeider ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak skal vedtakast, og at dei ikkje blir evaluert regelmessig. Vi konkluderer med at det blir arbeidd kontinuerleg med å konkretisere innhaldet og malane for tiltaksplanar, men at dei ikkje har tilfredsstillande innhald.

Våre undersøkingar viser at barneverntenesta har ein klar tanke om korleis omsorgsplanane bør vere, men at dei ikkje har tilfredsstillande innhald.

Vi konkluderer med at barneverntenesta har ein godt utarbeidd skriftleg rutine på ettervern, og det finns slik vi oppfattar det ein klar praksis når det kjem til å følgje opp ungdommane og ha dialog med dei. Vi konkluderer difor med at kommunen delvis oppfyller revisjonskriteriene innan ettervern.

Vi konkluderer med at saksbehandlinga i barneverntenesta ikkje er fullt ut tilfredsstillande. Ingen av dei 12 vedtaka vi har sett på inneheld framgangsmåte ved ei eventuell klage. Alle 12 vedtaka manglar opplysningar om retten til å sjå sakens dokumenter.

Eininga seier at dei arbeider med dei punkta som kom frem i statsforvaltaren sitt tilsyn, og at dei i eigne meldingsmøter går gjennom kva som skal vere ein tydeleg hypotese, fokusområde, målsetting og kva dei ønskjer å oppnå. Dei har utarbeidd ein eigen sjekkliste for mottak av meldingar og undersøkingar for å auke internkontrollen. Leinga fortel at dei punkta som kom opp i tilsynet er implementert og blir etterlevd blant dei tilsette.

Revisor sine tilrådingar:

- Sette inn meir ressursar til internkontrollarbeidet i barneverntenesta.
- Kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.
 - Hjelpetiltak:
Utarbeide tiltaksplan og evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sikre at omfang av tiltak kjem fram i alle vedtak.
 - Omsorgstiltak: Kvalitetssikre at omsorgsplanane har eit tilfredsstillande innhald.
 - Etterverntiltak: Evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sjå nærare på om det er tilstrekkeleg tal på treffpunkt.
 - Gjere ein gjennomgang av malar for enkeltvedtak for å sikre at dei er i samsvar med forvaltningslova §§ 18 og 27 tredje ledd (framgangsmåte ved klage og rett til å sjå dokumenta i saken), og endre klageinstans til Statsforvaltar i malane.
- Ferdigtille sjekklister for sakshandsamarar på omsorgstiltak så raskt som mogleg.
- Arbeide vidare med å få på plass nytt sakshandsamingssystem der ein får oppretta betre malar knytt til hjelpetiltak og omsorgstiltak.

Sekretariatet si vurdering om rapporten svarar på problemstillingane:

Sekretariatet vurderer at rapporten svarer på dei bestilte problemstillingane, og elles er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Det blir foreslått at utvalet innstiller til kommunestyret på at kommunestyret ber kommunedirektøren følgja opp tilrådingane i rapporten.

Sekretariatet tilrår at det blir gitt ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet våren 2023 der kommunedirektøren kan orientera om status i arbeidet og sine vurderingar knytt til oppfølginga av enkelte tilrådingar.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga kan kontrollutvalet eventuelt vurderer vidare oppfølging av temaet.

Rapporten har vore forelagt kommunedirektøren slik lovverket krevjer. Som det går fram av rapporten på side 30, vedlegg 1, høyring, har administrasjonen i Sula kommune tatt rapporten til etterretning.

Prosjektplanen skisserte ei ramme på ca 300 timer. Endeleg timetal er på rundt 300 timer ifølgje tilbakemelding frå kommunerevisjonen.

Timeanslaget inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Vedlegg

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 av barneverntenesta i Sula kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 23/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Kommunikasjons- og revisjonsplan Sula kommune 2022

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte Kommunikasjons- og revisjonsplan 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Revisjon av årsrekneskapen og årsmeldinga er ein sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlar. Dette er ei viktig oppgåve.

Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekkje og førebyggje feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å førebyggje og avdekkje feil og mislege handlingar.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjon som vert utført og kva dette inneber. Dette gir då eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegere kontrollhandlingar. Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil i møte 29. november 2022 presentere planen og diskutere med kontrollutvalet utvalde risikoområder. Det var refusjon sykepengar og skille drift/investering som var identifisert som risikoer i 2021 rekneskapet, omtalt på side 5 i vedlagte plan frå kommunerevisjonen.

Vedlegg

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2022 - Sula kommune

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2022

SULA KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET 29. NOVEMBER

Tids- og kommunikasjonsplan

2

	mar 22	apr 22	mai 22	jun 22	jul 22	aug 22	sep 22	okt 22	nov 22	des 22	jan 23	feb 23	mar 23	apr 23
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Revisjon av årsregnskapet														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget							20.		29.			?		

Tids- og kommunikasjonsplan forts.

3

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Vurdering av risiko og vesentlighet legges fram for kontrollutvalget i november.

- **Interimsrevisjon**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av prosesseierne for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte 1. kvartal 2023

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariat
Møte med kontrollutvalg mai 2023

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

REVISJONSPLAN 2022

SULA KOMMUNE

Identifiserte risikoer 2021

- ▶ Refusjon sykepengen
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko i alle kommuner)

Foreløpig anslått risiko (før kontrolltesting) - styret art/omfang

Områder	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon	
Regnskapsrapportering		Middels
Salgsområdet		Lav
Innkjøp		Middels
Driftsmidler		Middels
Lønnsområdet		Lav
Overføringsområdet		Lav
Finansområdet		Middels

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

7

Virksomhetsstyring

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponeringer/avslutning og strykninger
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid.

Test av kontroller (interim):

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering til kommunestyret
- Vurder premisser i budsjettet for 2022
- Oppdaterte budsjettdokument, oppdatert etter endring i kommunestyret

Substanshandlinger:

- Kontroll av årsoppgjørdisponeringer
- Regnskapsoversikter henger sammen
- Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet
- Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)
- Test av generelle IT-kontroller
- Budsjettkontroll
- Avsluttende analytiske kontroll
- Kontroll av årsmeldingen – inkl vurdering av budsjettavvik og premissavvik

Revisjonstilnærming - Salg

Salgsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

- Salgs- og leieinntekter (drift)
- Kundefordringer (bal)
- Andre kortsiktige fordringer (bal)
- Ordinær merverdiavgift
- Selvkost

Lav anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner.

Test av kontroller (interim)

- Rutiner rundt rimelighetsanalyse
- Rutiner rundt oppdatering av satser
- Rutiner oppfølging kundefordringer

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll og/eller detaljtester

Balanseposter:

- Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser)
- Totalavstemming av ordinær merverdiavgift

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøps / kostnadsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll og/eller detaljtester
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon av mva kompensasjonsoppgavene.
- Periodisering

Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

Revisjonstilnærming - Investeringer

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv) –
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning
- Kontroll rutiner rundt oversikt bygg, bruk av bygg og eventuelt endring i bruk

Substanshandlinger:

- Oppfølging av de største investeringsprosjektene
- Avstemme anleggskartotek mot hovedbok
- Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim)
- Vurdering av levetid/ avskrivningstid inkl dekomponering
- Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene

Revisjonstilnærming - Lønnskostnader

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav/middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse.

Test av kontroller (interim):

- Attestasjon og anvisning timer fra registreringssystem og manuelle timelister
- Attestasjon og anvisning av reiseregninger - herunder manuelle reiseregninger/ utgiftsrefusjoner
- Kontroll av rutiner rundt registrering av opprykksberegning
- Etterkontrollerte lønningslister

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Gjennomgang av kontrolloppstilling og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepenger, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerefusjoner
- Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter
- Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem
- Vurdering av gamle sykelønnsrefusjonskrav

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav anslått risiko:

Overføringsinntekter består hovedsaklig av overføringer fra staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskuddsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år.

Test av kontroller (interim)

- Kontroll om tilsagn ligger ved
- Kontroll om vedtak ligger ved

Substanshandlinger:

- Totalavstemming av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt
- Analytisk kontroll av eiendomsskatt
- Detaljtesting av andre overføringsinntekter
- Analyser/detaljtester av overføringsutgifter
- Særattestasjoner på enkelte tilskudd

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulike risikovurdering.

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming
- Rutiner vedrørende godkjenning av betalingstransaksjoner

Substanshandlinger:

- Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (bank, rente, aksjer, utbytte etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning.
- Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer
- Finansrapportering

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)


Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger (forts):

- Påse at gjeld og utlån er i henhold til eksterne bekreftelser
- Etterberegning av minimumsavdrag
- Påse at kretsløpavstemmingene henger sammen (herunder kapitalkonto)
- Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”


- Møre og Romsdal Revisjon SA

Vesentlige feil

16

- ▶ Vesentlige feil
 - ▶ Størrelsen på feil som vi tror vil påvirke beslutningene til brukerne av regnskapet
- ▶ Grense på områdene
 - ▶ Vi benytter en lavere vesentlighetsgrense når vi reviderer på områdene. Sånn at samlet feil ikke blir over vesentlighetsgrensen vår.
- ▶ Grense for rapportering til kontrollutvalget
 - ▶ Mindre feil rapporterer vi ikke. Vi setter en beløpsgrense for feil vi rapporterer.
 - ▶ Misligheter rapporteres alltid.

EN FEIL ER IKKE EN FEIL!



Revisjon

- ▶ Kontrolltesting
 - ▶ Forutsetter en velfungerende internkontroll
 - ▶ Kan redusere risiko for større feil
 - ▶ Mindre arbeid for revisor, lavere revisjonshonorar

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Plan for forenkla etterlevingskontroll 2022 Sula kommune

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevingskontroll etter kommunelova, er innanfor ei avgrensa ressursramme å førebygga svakheiter og bidra til å sikra at kommunen følgjer sentrale avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis.

Revisor skal innhenta tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det gjeld brot på lover, forskrift eller vedtak, der brotet er av vesentleg tyding for økonomiforvaltninga. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltninga der det er størst behov for at avgjerder og vedtak blir følgt opp og der brot på avgjerder/vedtak får størst konsekvensar. Revisor skal seinast 30. juni 2023 gi ei skriftleg utsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram vil i møte 29. november 2022 gi kontrollutvalet ei orientering og presentere planar for etterlevelseskontrollen. Som det kjem fram i vedlagte presentasjon frå revisjonen er det finansforvaltning som er peika ut som mogleg tema for kontrollen.

Som det og kjem fram i presentasjonen på side 3 var det i 2021 "selvkostforskriften" som var tema for kontrollen. Dette blei handsama i Sula kontrollutval 20. september 2022 (sak 17/22) og her uttalte revisjonen følgande:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Sula kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i selvkostforskriften.

Kontrollutvalet bør i møtet 29. november 2022 diskutere med revisjonen bakgrunn og begrunning for valet av finansforvaltning som tema.

Vedlegg

Plan for forenkla etterlevingskontroll 2022 - Sula kommune

Forenklet etterlevelseskontroll 2022


Kontrollutvalget Sula kommune

29. NOVEMBER 2022

Forenklet etterlevelseskontroll

2

- ▶ Hjemmel i KommuneLOven
- ▶ Standard RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.
- ▶ Risiko- og vesentlighet
- ▶ Rapport om resultatet av kontrollen, innen 30. juni



Risiko- og vesentlighetsvurdering

3

Utførte kontroller tidligere år:

- ▶ 2019 – Tilskudd til private barnehager
- ▶ 2020 - Oppholdsbetaling sykehjem
- ▶ 2021 – Selvkost


Risiko- og vesentlighetsvurdering

Forhold som påvirker valg av område for kontroll:

- ▶ Risiko for brudd på lov, forskrift eller vedtak
- ▶ Vesentlighet
- ▶ Ressurssvake grupper rammes
- ▶ Enkeltvis mindre brudd som gjelder mange
- ▶ Områder som ikke naturlig faller inn i den ordinære revisjonen

Risiko- og vesentlighetsvurdering forts.

5



Valg av risikoområde - Finansforvaltning

6

- ▶ **Hvorfor?**
- ▶ **Risiko**
 - ▶ for at kommunens midler blir forvaltet feil.
- ▶ **Kvalitativ vesentlighet**
 - ▶ beløpsmessig betydning for kommunen
 - ▶ potensielt omdømmetap

Revisjonskriterier

7

Utvalgte kriterium for kontroll:

- ▶ Etterlever kommunen de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning.

Kilde for kriterium:

- ▶ Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- ▶ Kommunens skriftlige rutiner og retningslinjer på området.

Oppsummering

8

Basert på risiko- og vesentlighetsvurdering, velges kommunens **finansforvaltning**

En skriftlig uttalelse til kontrollutvalget om resultat av kontrollen, med kopi til kommunedirektøren, vil bli oversendt kontrollutvalget i løpet av høsten/våren og i god tid innen fristen (30. juni 2023).

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/22	Sula kontrollutval	29.11.2022

Møteplan Sula kontrollutval 2023

Tilråding til vedtak:

1. Første møte i Sula kontrollutval i 2023 vert måndag 30. januar kl. 14.00.
2. Saka om møteplan for 2023 blir å ta opp att på fyrste møte i 2023 for å samordna datoane med kommunen sin øvrege møteplan.

Bakgrunn:

Det er viktig å sørgje for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta
- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- fristar for handsaming av budsjett for kontrollarbeidet

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det. Det er viktig at kontrollutvalet finn datoar som passar for alle medlemmane. Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og med lenkje på kommunen si heimeside.

Sidan møteplanen 2023 for kommunen (kommunestyre og formannskap) ikkje er ferdig i skrivande stund meiner sekretariatet at det er naudsynt å kjenne desse datoane før endeleg møteplan for kontrollutvalet vert bestemt. Difor gjer oss i denne saka kun framlegg om første møte i 2023 og at saka om møteplan blir tatt opp att når kommunen sine datoar er kjend.